

## **PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF**

**STAD:** Scandic Maritim hotell Haugesund

**MØTETIDSPUNKT:** 19.06.2017 kl. 13.00 - 16.45

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### **DELTAKARAR FRÅ STYRET**

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

### **DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Olav Klausen	Administrerende direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

### **FORFALL FRA STYRET**

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

## **SAKLISTE**

### **UNDERLAG**

Sak 42/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 43/17	Fellesmøte mellom brukarutvalet, ungdomsråd og Styret i Helse Fonna HF	

Kl. 13.00-13.30 Oppstart ungdomsråd, mandat, rekruttering og etablering  
Ved Sølvi Heimestøl  
Presentasjon av ungdomsrådet ved  
Solveig Eline Lillås Mathiassen og Elise Fredriksen

Kl. 13.30 – 13.45 Frå passiv mottakar til aktiv medspelar  
Ved leiar i brukarutvalet i Helse Fonna Laila Stensletten

Kl. 13.45 – 14.00	Dialog	
Sak 44/17	Godkjenning av protokoll 28.04.17	Vedlagt
Sak 45/17	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 46/17	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 47/17	Felles retningslinjer for brukarmedverknad	Vedlagt
Sak 48/17	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 49/17	Høyring – Regional plan for revmatologi	Vedlagt
Sak 50/17	Revisjon av inntektsmodell	Vedlagt

### Saker til orientering

Sak 51/17	Rapportering styringsdokument	Vedlagt
Sak 52/17	Oppfølging av Plan somatikk	Vedlagt
Sak 53/17	Oppfølging av Plan for psykisk helsevern	Vedlagt
Sak 54/17	Særavtale til tenesteavtale 4	Vedlagt
Sak 55/17	Orientering av bierverv	Vedlagt
Sak 56/17	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

---

### **Sak 42/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 43/17** Fellesmøte mellom brukarutvalet, ungdomsråd og Styret i Helse Fonna HF

Sølvi Heimestøl ,rådgjevar, samhandling og FAUSAM, orienterte om føringar for etablering av ungdomsråd, prosess og rekruttering av deltakare. To av medlemmene i ungdomsrådet, Solveig Eline Lillås Mathiassen og Elise Fredriksen, informerte om egen motivasjon for å være med i ungdomsrådet.

Leiar for brukarutvalet Laila Stensletten innleia til dialog og trakk fram tre tema brukarutvalet ønska å diskutere med styret.

- Korleis ønskjer styret å nyttiggjøre seg av brukarutvalet?
- Radiologi, ventetider i Helse Fonna
- Framtidig finansiering av kreftmedisin

I tillegg til dialogen med styret, orienterte administrerande direktør om tiltak som er satt i verk og planlagde tiltak innan radiologi i Helse Fonna. Det blei gitt informasjon om beslutningsprosess for nye legemidler i Norge.

**Sak 44/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 28.04.17**

**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 28.04.17

**Sak 45/17 Administrerande direktør si orientering**

**OPE DEL**

**1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

**2. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

**3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

**4. Bygg Haugesund2020**

Administrerande direktør orienterte om vedtak fatta i styret for Helse Vest 11.05.17 i førebels protokoll. Det blei informert om gjennomført framlegging av OU prosessane knytt til ByggHgsd2020.

Enterprise for ombygging av vaskeri og prekvalifisering byggegrop er sendt ut.

**5. Informasjon om vedtak Odda sjukehus**

Administrerende direktør orienterte om avgjerder som er tatt i saken om Odda sjukehus pr. i dag. Helse Fonna venter på revidert oppdragsbrev som er venta i slutten av juni. Føringer i nytt oppdragsbrev vil mellom anna bli omsyntatt i det føreståande arbeidet med utviklingsplaner i Helse Fonna.

## **6. Utviklingsplan**

Administrerende direktør viste til brev frå Helse Vest og vegleiar i arbeidet med utviklingsplaner. Helse Fonna planlegg arbeidet med utviklingsplan for føretaket som eit prosjekt. Administrerende direktør vil komme tilbake til styret med eigen sak om arbeidet etter sommaren.

## **Lukka del**

### **7. Erverv av eigedom**

Orientering i møtet

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerende direktør informerte om status i dag for kjøp av private bustader i forbindelse med ByggHgsd2020. Det var semje i styret om den vidare prosessen og utvida fullmakt til administrerende direktør.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

## **Sak 46/17 Rapport frå verksemda**

### **Oppsummering**

Administrerende direktør orienterte kort om rapport frå verksemda . Klinikkdirktør somatikk Stord, Reidun Mjør, orienterte om utfordringar og tiltak fristbrot ved klinikk somatikk Stord.

Styret diskuterte utfordringane knytt til ventetider, fristbrot og ressursar.

Resultatet for perioden syner eit overskot på 4,5 millionar kroner etter korreksjon for pensjonskostnader utover føresetnadane i budsjettet, mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit positivt budsjettavvik på 1,2 millionar kroner.

Dei aktivitetsbaserte inntektene (ISF, poliklinikk og gjestepasientinntekter) syner for perioden eit samla positivt avvik på 6,3 millionar kroner. Dette gjeld i hovudsak ISF-inntekter i eigen helseregion. Det negative avviket for dei aktivitetsbaserte inntektene frå april på 6,1 millionar kroner er dermed utlikna med denne periodens positive avvik.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit positivt avvik på 3,0 millionar kroner.

Kjøp av offentlige helsetenester viser denne månaden eit negativt avvik på 3,1 millionar kroner. Dette gjeld kjøp av gjestepasientar frå andre regionar, medan kjøp av private helsetenester viser eit positivt avvik på 1,4millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 3,7 millionar kroner.

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak i 2017

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 545,8 millionar kroner, noko som er 20,8 millionar kroner lågare enn førre månad.

### **Aktivitet og kvalitet**

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 59 dagar.

135 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i mai. 60 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Dei tidlegare rapporterte fristbrota innan kirurgi og ortopedi på Stord er stort sett rydda vekk og talet på behandla pasientar med fristbrot er difor høgt. Det er komen nye fristbrot innan kardiologi og gastroenterologi på Stord og i Haugesund som har andre årsaker, og som det er von om at raskt blir rydda vekk.

11 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

35 somatiske pasientar låg tilsaman 82 døgn i sjukehusa i påvente av eit kommunalt tilbod, og talet på døgn er det lågaste så langt i år.

4% prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Sjukefråværet har gått ned og var i mars på var 6,0 prosent

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

2. Styret har merka seg tiltaka som er og vil bli satt i verk for å redusera fristbrota. Styret forventar betring av tala ved nest rapportering.

## **Sak 47/17 Felles retningslinjer for brukarmedverknad**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest RHF har gjort vedtak om felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå på tvers av dei fire regionale helseføretaka, sak 042/17.

Retningslinjene inneber felles prinsipp og ein meir heilskapleg praksis for brukarmedverknad på systemnivå. Det er gjort nokre regionale tilpassingar i Helse Vest som gjeld prinsipp om brukarmedverknad, samansetjing og økonomi/honorering av brukarutval. Det er i styringsdokumentet for 2017 stilt krav om at felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå skal leggjast fram for styret og implementerast i alle helseføretaka.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna tar felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå til etterretning
2. Styret ber administrerande direktør om å følgje opp retningslinjene og sørge for at dei blir implementerte i føretaket
3. Styret slutter seg til dei endringar i satsar for møtegodtgjersle som går fram av saka og ber administrerande direktør leggje til rette for dette og innføre dei med verknad frå 01.01.18

## **Sak 48/17 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Fonna HF**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest RHF etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Styret i Helse Fonna HF har frå 2014 gjennomført den same ordninga.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret er kjend med og tar til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Fonna HF, sist endra i føretaksmøte 20.februar 2014
- b. Instruks for styret i Helse Fonna HF
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Fonna HF
- d. Ethiske retningslinjer for Helse Vest

## **Sak 49/17 Høyring – Regional plan for revmatologi**

### **Oppsummering**

Administrerande direktør orienterte om planen og utkast til høyringssvar. Styret diskuterte plan og utkast . Det blei gjort nokre endringar i høyringssvaret.

Helse Fonna har mottatt regional plan for revmatologi på høyring med høyringsfrist 1. juli 2017.

Det har vore store framsteg i revmatologifaget som har konsekvensar for korleis tenestene bør organiserast. Arbeidet med regional plan for revmatologi blei initiert som følgje av dette. Planarbeidet er gjennomført som eit prosjekt med deltakarar frå ulike institusjonar og brukarar i regionen.

Målet med prosjektet er å føreslå ei framtidretta organisering av revmatologiverksemda og revmakirurgien i regionen. Planen skal peike fram mot ei tenesteorganisering som styrkar pasientrolla, som tek i bruk ny teknologi og som bygger på optimal samhandling mellom helseføretak, private ideelle, avtalespesialistar, fastlegar og andre kommunale tenester. Planen gir føringar for å utvikle tenester nær når det er mogleg og at det er ei organisering og funksjonsdeling som gjer at tenestene er av god kvalitet.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør utforme og sende høyrings svar i tråd med saksframlegget og dei tilrådingane som kom i styremøtet.

### **Sak 50/17 Revisjon av inntektsmodell**

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland presenterte målsetting for revisjon av inntektsmodellen. Han orienterte om utfordringar , overordna prinsipp og om sjølve inntektsmodellen .

### **Oppsummering**

I vår blei gjennomført ein delvis revisjon av inntektsmodellen som blir nytta til å fordele inntektene mellom helseføretaka i regionen. Arbeidsgruppa besto av økonomi- og fagdirektørane frå helseføretaka, Haraldsplass og RHF-et i tillegg til konserntillitsvalte og Jon Magnussen frå NTNU.

Arbeidsgruppa gjennomførte i hovudsak ein gjennomgang av dagens inntektsmodell. Det var ikkje lagt opp til nye analysar då dette ville ha ein betydeleg kostnad og at det i Kvinnslandsutvalget (om organisering av spesialisthelsetenesta) ble gitt ei tilråding om gjennomgang av den nasjonale inntektsmodellen. Den regionale arbeidsgruppa tilrår difor at Helse Vest arbeider aktivt for at det blir satt i gang eit arbeid med ein ny nasjonal modell som mål i staden for å gjennomføre analysar for eigen rekning.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tilrår føreliggande forslag til revisjon av inntektsmodellen

## **Saker til orientering**

### **Sak 51/17 Rapportering styringsdokumentet**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapportering på styringsdokumentet for første halvår 2017 til orientering.

### **Sak 52/17 Oppfølging av Plan somatikk**

#### **Oppsummering**

Statusrapportering for Plan somatikk har vore førelagt styret først to seinare ein gong pr år. Frå no vil denne rapporteringa inngå som ein naturleg del av den framtidige utviklingsplanen.

Plan for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Fonna HF 2010-2020 (Plan Somatikk) strekk seg fram i tid til 2020. Målet med planen er å sikre trygge og nære spesialisthelsetenester for alle som bur i regionen. Endringane på sjukehusa i Helse Fonna skal gå føre seg innanfor dei til ei kvar tid tilgjengelege økonomiske rammene.

Planen blei vedteken av styret i Helse Fonna HF i september 2010 i sak 66/10 B.

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering og ber administrerande direktør ta med planen som eit av grunnlaga for utviklingsplan for Helse Fonna.

### **Sak 53/17 Oppfølging av Plan for psykisk helsevern**

#### **Oppsummering**

Statusrapportering for Plan for psykisk helsevern har vore førelagt styret først to seinare ein gong pr år. Frå no vil denne rapporteringa inngå som ein naturleg del av den framtidige utviklingsplanen.

Plan for psykisk helsevern for Helse Fonna 2010-2020 blei vedteken i styremøte i Helse Fonna 01.11.12, i sak 71/12 B.

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering og ber administrerande direktør ta med planen som eitt av grunnlaga for utviklingsplan for Helse Fonna.

### **Sak 54/17 Særavtale til tenesteavtale 4**



## Oppsummering

Saka gjeld særavtale til tenesteavtale nr. 4, «Avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp» som er inngått mellom kommunane og helseføretaket.

Kommunane har eit lovpålagd ansvar for å yta øyeblikkeleg hjelp til personar som oppheld seg i kommunen. Frå 1. januar 2016 blei denne plikta utvida til å gjelde tilbod om døgnopphald for pasientar med somatisk sjukdom som har trong for øyeblikkeleg hjelp.

Særavtalen med kommunane Bømlo, Stord og Fitjar omhandlar fagleg forsvarlegheit, kvalitet og organisering av tilbodet. Det er lagt føringar for pasientkategoriar, kompetansebehov, døme på utstysrbehov og kor tilbodet er lokalisert. Helsedirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell til planlegging av tilbodet og utforming av avtalane, jamfør «*Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold. Veiledningsmateriell utgitt 02/2012, siste revisjon 04/2016*».

Særavtale med kommunane Bømlo, Stord og Fitjar er utforma i samsvar med råd i rettleiar og andre sentrale føringar.

## Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner særavtale knytt til tenesteavtale nr. 4 om kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for kommunane Bømlo, Stord og Fitjar i tråd med framlegget
2. Styret ber administrerande direktør signere avtalen i tråd med tidlegare fullmakt frå styret
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å signere reviderte særavtalar knytt til tenesteavtale nr. 4 for dei andre kommunane i Helse Fonna regionen etter kvart som dei er forhandla fram

## **Sak 55/17 Orientering om bierverv**

### **Oppsummering**

Styret diskuterte bierverv, retningslinjer og praksis. Administrerende direktør vil legge fram for styret gjeldande retningslinjer for bierverv i Helse Fonna.

Våren 2015 blei det gjennomført internrevisjon av arbeidet med bierverv i føretaka i Helse Vest. Det blei utarbeidd handlingsplan med tiltak for oppfølging. Internrevisjonsrapporten var sak i styremøte 25.9.15 – sak 59/15. Føretaket har innarbeidd tiltaka. I samsvar med handlingsplanen, skal oversikt over bierverv i føretaket inngå i ordinær driftsrapportering til styret i junimøte kvart år. Saka blei seinast orientert om i styremøte 17.6.2016 - sak 038/16 notat 6.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar saka til orientering.

## **Sak 56/17 Eventuelt Skriv og meldingar**

### **Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest 17.03.17

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Ref. Ingebjørg Kismul  
19.06.17

---

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

---

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

---

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

---

Sett:Hilde Brit Christiansen	Medlem
------------------------------	--------

---

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

---

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

---

Nina Budal	Medlem
------------	--------

---

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

---

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

---

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------